

Jazz og storband i Knarvik-kyrkja

**30-årsjubilanten
Hardanger Big Band
spelar i Knarvik kyrk-
kje fredag 27. okto-
ber.**

Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

30-årsjubilanten HBB er det eldste storbandet i Hardanger – stifta i Jondal hausten 1987 av Arild B. Nielsen. Maestro Arild, elles kjent også som kulturskulerektor i Lindås, har i alle disse åra leia og utvikla bandet, og er også solist på trompet/flygelhorn.

Dette er ein glad gjeng dyktige hobbymusikarar frå begge sider av Hardangerfjorden, som samlast i Jondal annakvar fredagskveld for å dela sin lidenskap for jazz og storbandsjangeren, heiter det i ei melding om konserten. HBB gav i 2014 ut studioalbumet «Kryssande», med spesialskrive storbandfjor-djazz, i samarbeid med jazzgitarist Gisle Torvik og med god støtte frå Norsk Jazzforum.

Knarvik, Berlin og Roma

HBB har opp gjennom åra spelt konsertar i inn- og utland, med musikalske høgdepunkt som til dømes Kongsberg Jazzfestival,

Romerike storbandfestival, Berlin Big Band Award, Vossajazz og Cotton Club Roma.

Dei italienske stjernemusikarane Nina Pedersen (vokal), Pierpaolo Principato (piano) og Davide di Pasquale (trombone) kjem til Norge for å spela konsertar saman med HBB, og vert å høyra under konserten i Knarvik.

Norsk-italiensk

Jazzsangerinna Nina Pedersen er opphavleg frå Norge, men har vore busett i Roma i over 25 år. Ho underviser i jazzvokal ved St. Louis College of Music i Roma, som er den største og viktigaste musikkinstitusjonen i Italia med over 1.500 elevar. Nina er også låtskrivar, songar, har sitt eige jazzkor (ConCorde) og er fast vokalist i Moonlight Big Band i Roma, i tillegg til mange andre prosjekt. Ho har gjeve ut fleire plater, og er ein svært ettertrakta seminar- og workshopinstruktør i land over heile verda. I desse dagar slepp ho sitt tredje soloalbum «Eyes Wide Open».

Pianisten Pierpaolo Principato er fast pianist for Nina. Han er utdanna i jazz frå konservatoriet i Frosinone, og arbeider som lærar og fagkoordinator for harmoni og jazzpiano ved St. Louis College of Music. Som pi-



PÅ TURNÉ: Hardanger Big Band skal på turné, med stopp mellom anna i Knarvik.

Foto: Pressefoto

anist har han delteke på eit stort tal plateinnspelningar, og halde seminar, konsertar og spelt på jazzfestivalar over heile verda.

Turné

Trombonisten Davide di Pasquale er òg utdanna ved St. Louis College of Music. Han er komponist, har sin eigen jazzkvartett,

er aktiv ved romersk/italiensk scene som trombonist/solist og driv med musikkteater. Han har i tillegg til eigen kvartett, og har spelt med mange store namn.

Hardanger Big Band med gjester er på ein liten turné, med konsert i Kunsthuset Kabuso i Øystese torsdag 26. oktober, Knarvik kyrkje fredag 27. okto-

ber, Swing & Sweet Jazzklubb i Bergen laurdag 28. oktober, og i Jondal søndag 29. oktober.

Billetter til konserten i Knarvik kan du kjøpa på ticketco.no og ved inngangen.